



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Klima- og miljødepartementet
Postboks 8013 Dep
0030 Oslo

FYLKESKOMMUNEDIREKTØR

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
19/4280	03.12.2019	3728/2020/K00/&13	Johnny Loen, tlf 71 28 02 43	15.01.2020

Ekspertutvalget om farleg avfall - fråsegn til høyring på rapport

Vi viser til høyringsbrev frå Klima- og miljødepartementet, datert 3. desember 2019.

Ekspertutvalgets mandat har vore å utgreie potensialet for reduksjon av mengda farleg avfall som oppstår i Norge, moglege gjenvinningsløysingar som del av ein sirkulær økonomi, og korleis framtidig behandlings- og deponikapasitet kan sikrast. Situasjonen er at dagens deponianlegg på Langøya er i ferd med å fyllast. Dette tvingar fram nye løysingar.

Utvalet tilrår fire konkrete mål (jamfør samandraget i rapporten) som ser ut til å bygge godt under at Norge har slutta seg til FN's berekraftmål. Fylkeskommunedirektøren sluttar seg til desse måla.

Utvalet konkluderer med at det er stort potensial for reduksjon avfallsmengda, men at potensialet ikkje kan realiserast innan Langøya må avviklast. Det betyr at det innan 2025 tilretteleggast nytt deponi med årskapasitet tilsvarande Langøya, som kan handtere situasjonen fram mot 2035.

Det er i denne realiteten utvalet også har vurdert fire ulike lokalitetar. Dalen gruver (Brevik i Telemark) er forkasta fordi gruveeigar har gjort vedtak om å fortsette ordinær gruvedrift. Dei tre andre lokalitetane, inkludert Raudsand i Molde kommune (tidlegare Nesset kommune) er framleis vurdert som aktuelle: Raudsand er den einaste av dei tre som hittil er underlagt konkrete undersøkingar/ konsekvensutgreiingar. Utvalet gjer ingen tilråding om lokalitet utover dette.

Fylkeskommunedirektøren viser til fylkesutvalets motsegn mot reguleringsplan for Raudsand, som no ligg til behandling i KMD, og stiller seg bak dei vurderingane som ligg til grunn for motsegna, og som tør vere kjende også for KLD. Desse argumenta må tilleggast vekt når det endelege vedtaket om lokalisering skal fattast, uavhengig av om reguleringsplanen vert godkjent eller ikkje.

Med helsing

Ottar Brage Guttelvik
fylkeskommunedirektør

